



Nesfossen smolt AS  
Nesfossen

5956 HUNDEVIN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/6423 - 15/5547

Saksbehandlar:  
Nora Gjerde  
nora.gjerde@lindas.kommune.no

Dato:  
10.03.2015

## Søknad om løyve til oppstart av reguleringsplanarbeid for utviding av smoltanlegg ved Nesfossen Smolt

Vedlagt følger vedtak.

Med helsing  
Nora Gjerde  
administrasjonssekretær

*Dokumentet er signert elektronisk.*

Andre mottakarar:

Nesfossen smolt AS



# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
032/15	Plan- og miljøutvalet	PS	04.03.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Arnold Matre	14/6423

## **Søknad om løyve til oppstart av reguleringsplanarbeid for utviding av smoltanlegg ved Nesfossen Smolt**

### **Vedlegg:**

Nesfossennesfossen forslag tegningnesfossen hall

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova ! 12-3, gjev plan- og miljøutvalet løyve til oppstart av reguleringsplanarbeid for del av gbnr 56/14 Nesfossen (Hundvin)

### **Plan- og miljøutvalet - 032/15**

#### **PM - behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **PM - vedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-3, gjev plan- og miljøutvalet løyve til oppstart av reguleringsplanarbeid for del av gbnr 56/14 Nesfossen (Hundvin)

#### **Saksopplysningar:**

##### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet.

##### **Saka gjeld:**

FanAgro har på vegne av Nesfossen smolt søkt om løyve til oppstart av

reguleringsplanarbeid på gnr 56 bnr 14. Føremålet med planarbeidet er å leggja til rette for etablering av industriområde med tilhøyrande tilkomst, parkering og fellesområde.

Settefiskanlegget på Nesfossen har hatt konsesjon for smoltproduksjon sidan 1986. No ønskjer Nesfossen smolt å gå i gang med produksjon av stor smolt opp mot eitt kilo ved bruk av sjøvatn på det aktuelle arealet. Produksjonen vil foregå på land.

Det aktuelle planområdet er i kommuneplanen sin arealdel sett av til LNF-område. Framlegg til planområde er om lag 40 da.

Føremålet med reguleringsplanarbeidet er ikkje i samsvar med overordna plan, og søknad om oppstart vert såleis lagt fram for plan- og miljøutvalet for avgjerd.

Det er i søknadsmaterialet gjort greie for at det skal utarbeidast planprogram og konsekvensutgreiing.

## Bakgrunn

Nesfossen Smolt syner til at settefiskanlegget på Nesfossen har hatt konsesjon for smoltproduksjon sidan 1986. No ønskjer Nesfossen smolt å gå i gang med produksjon av stor smolt opp mot eitt kilo ved bruk av sjøvatn på det aktuelle arealet. Dei syner til at det er eit uttalt mål frå myndighetene at ein større del av produksjonstida til laksen skal foregå på land. Kortare produksjonstid i sjø gjev reduksjon i produksjon av lakselus og minskar faren for rømming. Utsett av smolt reduserer produksjonstida i sjø vesentleg, frå dagens 15 – 22 mnd til 8 – 12 mnd.

Nesfossen smolt søkte hausten 2014 om frådelling av 40 da frå gnr 56 bnr 14. Arealet skulle nyttast som tilleggsareal til gnr 56 bnr 2 som alt var i eige av Nesfossen Smolt as. Det planlagte tiltaket ville medføra store inngrep i landskapet mot sjø, samt at det ikkje var i samsvar med overordna plan.

Admininstrasjonen gjorde det klart at ein rådde frå å handsama utbygginga gjennom ei delingssak og søknad om dispensasjon frå plan. Det vart peika på at tiltaka burde konsekvensutgreiast i høve til samfunnsinteresser i området. Admininstrasjonen var tydeleg på at arealbruken burde avklarast gjennom ein reguleringsplanprosess. Det vart gjort merksam på at det er mogeleg å søkja plan- og miljøutvalet om å få starta opp reguleringsplanarbeid sjølv om det ikkje er i samsvar med overordna plan.

Utbyggjar tok dette til etterretning og ein har no fått inn søknad om å få starta reguleringsarbeid for området. Epost med søknad er motteken 29.01.15.

## Vurdering

Admininstrasjonen har vore i samtalar med Nesfossen smolt ved fleire høve. I tillegg har Lindås kommune representert både ved politikarar og admininstrasjon hatt møte med søkjar

for å få ein heilskapleg kjennskap til verksemda.

Adminstrasjonen har informert om at det er mogeleg å søkja Plan- og miljøutvalet om løyve til å starta opp reguleringsarbeid i strid med overordna plan. Det har no Nesfossen Smolt gjort gjennom konsulentfirmaet FanAgro.

Arealet det er søkt om å få starta regulering for, er i kommuneplanen sett av til LNF-føremål. Nesfossen er gjort merksam på at sjølv om det vert gjeve løyve til å starta med detaljregulering, så vil statleg/regional mynde sine uttalar til oppstartsmeldinga vera viktige for det vidare arbeidet. Ut frå dette er det viktig a søknaden om oppstart/oppstartsmeldinga er utfylland i høve kva utgreiingar som vil verta gjort gjennom arbeidet med reguleringsplan.

Formelt sett vil det i oppstartsmøte verta vurdert i kva grad det vert stilt krav til planprogram og/eller konsekvensutgreiing. Adminstrasjon vil alt no gjera greie for at det truleg vil verta krav om planprogram og konsekvensutgreiing (KU). Søkjar er innstilt på dette, og har sendt med framlegg til planprogram og utredningstema for KU.

Området der Nesfossen Smolt driv i dag er i kommuneplanen sin arealdel sett av til næringsområde. I forige revisjon av kommuneplanen vart dette område utvida mot søraust langs sjø. Dette arealet er planert og delvis utbygd m.a med nye fiskekar. Eksisterande anlegg er såleis i samsvar med overordna plan, og har same føremål som det søkjer ønskjer å regulera til. Det er ikkje utarbeida reguleringsplan for området.

Oppdrettsnæringa er i stadig utvikling og det er viktig å tilpassa seg endra rammevilkår. I følge søkjar så vil det omsøkte tiltaket vera med å sikra utviklinga og framtida for verksemda på ein betre måte en anlegget vil kunne gjera med det arealet dei har i dag. I søknaden har dei gjort greie for dei fordelar som ei vidare utbygging på land vil leggja til rette for.

Adminstrasjonen ser at området utvidinga av verksemda er tenkt lagt til , ligg fornuftig til i høve resten av anlegget. Dersom anlegget skal utvida, vil omsøkte areal vera naturleg å vurdere.

Samstundes vil adminstrasjonen peika på at omsøkt areal ligg eksponert til mot sjø langs indre delar av Lurefjorden. Slik planane er skildra så er føresett at mykje av fjellryggen mot fjorden skal verta sprengt ned for å gje ein funksjonell kaikant.

Adminstrasjonen vil, om løyve til oppstart vert gjeve, stilla krav til utgreiingar og illustrasjonar i høve landskapstilpassing og omfang av sprengning.

Adminstrasjonen vil etter ei samla vurdering rå til at det vert gjeve løyve til å starta opp arbeid med detaljregulering av utviding av Nesfossen smolt.

